


Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



Tom grav

Engelen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker er ikke her.
Se, der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp – som selv han har sagt.
Lov han og pris han, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!

TEKST: BERNHARD KYAMANYWA



«... og til Peter»

«Men gå og sei til læresveinane hans og til Peter...»
Mark 16.7

Maria Magdalena og Maria, Jakob si mor og Salome hadde kjøpt velluktande oljer og gått til grava for å salve han. Inne i grava møter dei ein engel, i skinande kvite klede, som fortel dei at Jesus er stått opp frå dei døde. Eg kan tenkje meg at kvinnene må ha vore forundra over det dei såg. Og helt sikkert må dei ha vorte glade over nyheita. Noko slikt hadde dei aldri hørt før. Her var det mykje å tenkje på. «Gå av stad og sei til læresveinane hans og til Peter: Han [Jesus] går i førevegen for dykk til Galilea. Der skal de få sjå han, slik som han sa dykk.» Kvinnene er dei fyrste som får bringe dei gode nyheitene. Og særleg viktig var det at Peter ikkje vart gløymt.

På svensk så lyder dette verset: «Men gå bort och säg till hans lärjungar och särskilt till Petrus...»

Tenk at Peter vart spesielt nevnt av engelen. Peter hadde berre nokre dagar føreåt svikta Jesus når det gjaldt som mest. Han hadde bedyra i høge tonar at han aldri ville koma til å svikte, og når så den store prøva kom, ja då makta han ikkje det harde presset og banna på at han ikkje kjende Jesus. Eg trur Peter hadde nokon tunge dagar etter korsfestinga. Han hadde sveke sin meister og vendt han ryggen av frykt for å lide same skjebne som sin Herre.

Men når engelen åpenbarer seg for kvinnene og ber dei om å bringe bud til alle læresveinane, så er Peter spesielt nevnt. I Guds augo var det viktig at Peter ikkje vart gløymd. Her var det ingen som skulle utelukkast frå fellesskapet.

Dei andre læresveinane hadde også svike. Dei hadde

sprung sin veg og gøynt seg, men dei hadde ikkje banna på at dei ikkje kjende han, eller fornekta han på same måte som Peter. Gud visste at Peter trengde ei ekstra påminning om at Jesus også ville møte han.

Når Markus nevner «læresveinane», burde det kanskje ha vore nok, men kanskje føltes det ikkje nok for Peter. Han kunne jo tenkt at dette gjaldt alle andre, men berre ikkje han, ettersom han hadde svike så totalt.

Peter er ikkje ålene om å svike sin meister. Dei fleste av oss har nok også kjent på det stille sviket frå tid til annan. Då er det lett å ekskludere seg sjølv frå trua sitt fellesskap og tenkje at ein korkje er elsa lengre eller inkludert når Meisteren sender bud og kallar på sine. «Han bryr seg nok sikkert ikkje meir om meg!»

Kor godt må det ikkje ha vore for Peter å høyre at særleg han var ynskt velkommen til å møte den oppstandne Jesus.

«Når eg blir lyfta opp frå jorda, skal eg dra alle til meg.» Joh 12.32 Desse orda hadde Jesus eingong fortalt til læresveinane sine. Innerst inne visste dei nok at dei var elsa og hadde sin tilhørighet i Gud. For hjå Gud er ingen ekskludert. Alle er invitert og ynskt inn i fellesskapet.

Ei god åndeleg øving i denne påsketida, kan kanskje vera å byte ut apostelen Peter sitt navn med sitt eige. Dermed får også du ei helsing frå Jesus om å vera med.

«Frykt ikkje! Eg har løyst deg ut; eg har kalt deg ved navn, du er min.» Jes 41.10

Påskehelsing frå sokneprest Ola Døhl

Det står skrive i evangeliet etter Lukas:

Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp. Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: «Kvífor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea: ‘Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.’» Då kom dei i hug orda hans. Og dei gjekk bort frå grava og fortalte alt dette til dei elleve og til alle dei andre.

Slik lyder det heilage evangeliet.

luk 24,1–9

Juletrefest

Sundag 12. januar var det tid for å skipa til juletrefest for pasientar med familiar i Sanitetssalen på Sjukeheimen. Dette er ei årvisse hending. Det er nok mange som set pris på at det er aktivitetar som både unge og eldre kan vera med på, på Sjukeheimen. Å besøke bestemor eller oldemor er stas. Vi var om lag 50 stykker og det er besökstenesta på Sjukeheimen som steller istand, i samarbeid med dei tilsette på Sjukeheimen.

Det var underhaldning av ulikt slag. Slidringad'n spelte fleire kjende låttar som både fekk fram smil og som gav rykkingar i dansefoten. Samuel og Karoline Groth spelte, sang og dramatiserte kjende julesongar. Kari Høyvik les ei forteljing av Prøysen. Det var variert underhaldning til glede for både unge og eldre. Med tonefylgje av Elisabeth Myhre vart det julesangar og gang rundt juletreet. Me fekk julenissejente-besøk med pakker både til dei eldste og til dei yngste. Så var det traktering, rundstykker med all slaga pålegg og frå kjøkkenet på Sjukeheimen kom det fleire fat med ulik julebakst.

Det er gilde å laga til lite ekstra når alle ein spør møter ein med positive tilbakemeldingar og støttar opp på ulike vis. Tusen takk for ein vellykka kveld og for god hjelp og støtte til dykk alle!



SLIDRINGAD'N MED TAKTFULLE TONAR SPREIDDE LYSTIG STEMNING



SAMUEL OG KAROLINE GROTH, T.V. KARI HØYVIK



ELISABETH MYHRE ER EIN HABIL MEDSPELAR NÅR EIN TRENG TONEFØLGJ FOR SANG.

KONFIRMANTAR 1964



1. rekkje: Grete Einang, Anne Lise Hamre, Tora Viste, Ingrid Lyngstad, Prest Bjarne Nordheim, Bergljot Fauske, Anna Jacobsen, Borghild Hambro.

2. rekkje: Olaug Marie Røn, Marit Synnøve Kårstad, Jorunn Kristine Ring, Berit Hande, Arnlaug Thune, Ingrid Britt Viken, Margit Bergit Rudi, Marit Solheim, Marit Nygard, Ragna Hande Lome, Liv Tildheim, Solveig Inga Mosaker, Anne Marie Haugland, Gunvor Vidvei, Bjørg Marie Snortheim.

3. rekkje: Ragna Egge, Sigrun Fystro, Anna Frikstad, Arne Ødegård, Einar Gram, Arne Sandhaugo, Ola Einang.

4. rekkje: Per Egil Henriksen, Torgeir Reien, Per Olav Svenskerud, Ivar Lahaug, Eivind Frigstad, Odd Magne Haugen, Arne Gustavsen, Ivar Martin Nefstad, Magne Lahaug.

Gullkonfirmantar 2014

Anna Brestad (Frikstad)
Anna Nicolaysen (Jacobsen)
Anne Lise Hamre Husby
Anne Marie Nordsveen (Haugland)
Arne Gustavsen
Arne Ødegård
Arnlaug Thune Pedersen
Bergljot Hovi (Fauske)
Berit Rognås (Hande)
Bjørg Marie Snortheim Dimitrova
Borghild Leirpoll (Hambro)
Einar Gram
Gunvor Vidvei
Ingrid Britt Aure (Viken)
Ingrid Moe (Lyngstad)
Ivar Lahaug

Ivar Martin Nefstad
Jorunn Kristine Ring Oelschlagel
Liv Tildheim
Margit Bergit Bakken (Rudi)
Marit Skrindsud (Nygard)
Marit Solheim
Marit Synnøve Kårstad Belgum
Odd Magne Haugen
Ola Einang
Olaug Marie Røn
Per Egil Henriksen
Per Olav Svenskerud
Ragna Asperheim (Egge)
Ragna Hande Lome
Solveig Inga Hålien (Mosaker)
Tora Viste Hansegården
Torgeir Reien.

Gullkonfirmantane blir særskilt inviterte til høgmesse 31. august

KONFIRMANTAR 2014

Røn sokn

Sundag 25. mai kl. 11.00.

Sigurd Knutsson Fosheim
Tore Solsten Før
Zemen Ghimay
Haldor Hillestad
Julie Haugen Olsen
Vegard Ringen
Andreas Rogne
Erik Snortheimsmoen
Magne Tuvmarken

Slidre sokn

Sundag 1. juni kl. 11.00.

Ida Sofie Foss
Marte Jarstadmarken
Hanne Wøyen Mo
Simen Pedersen
Øyvind Klosbøle Solberg
Odd-Jørgen Stensrud Trøen
Anders Gigstad Tvenge
Siri Runarsdotter Øye

Lomen sokn

Sundag 8. juni kl. 11.00.

Ole Kristian Bergli
Emma Lisa Haugen
Einar Lome
Gullik Lome
Victor Leander Unhjem

KYRKJA I VESTRE SLIDRE


Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050

E-post: slidrepristen@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn.	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095	
	90591761	Kyrkjeverje
Eldbjørg Myrvang	61345098	
Wiknes	45202615	Kontorfullmektig Diakonimedarb. Klokkar Slidre
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar Røn og Øyjar
Kjersti Kirkeby		
Ødegaard	41609647	Klokkar Lomen Trusopp.medarb.
Ola Sandhaugo	91689630	Kyrkjetenar i Slidre og Lomen
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Øyjar
Marit Granheim		
Trøyflat	97116056	Reinhaldar
Odd Kolbjørnshus	91754905	Ringjar Slidre
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar Lomen stavkyrkje

Kyrkjekontoret er opent
måndag – torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00



Ny kyrkjetenar

Safet Vladovic er frå Sebia og han kom til Norge i 2005. Han og familien på fire budde i fleire år på asyl-motak med dei oppturane og nedturane det innebar. Safet ble døypt i Den Norske Kyrkje 17. mai 2005, han bur i dag saman med kona Florentina og deira to barn og er trygge og lykkelege i Røn. Ved siden av jobben som kyrkjetenar er han kunstmålar og målar. Han trivast godt i Røn og er veldig stolt av sin nye jobb som kyrkjetenar.

Konfirmantweekend i Håkons Hall på Lillehammer

Kirken kan være på så mange måter – og overraskelsen for konfirmantene var at kirken kan være slik... Ungdommen ble møtt på deres egen arena, en kultur de kjenner igjen fra festivaler med masse aktiviteter, sang og dans. Det er kult å være på konfirmantweekend, ikke rart man blir HEKTA!

Jeg hadde fått ansvaret for konfirmantene denne helgen. Ned lesset med all slags bagasje, ankom vi Håkons Hall, totalt forvirret. Vi kom til en fullspekket hall med konfirmanter som ventet på å få anvist plass. Vi ble møtt av en hyggelig ungdomsleder som viste vei. Så var det bare å rigge seg til på basen. Guttene fra Valdres fikk sin egen hylle på tribunen, med hver sin madrass. Jentene fikk sin base i «ballettsalen», der 70 – 90 konfirmanter lå på feltsenger på rekke og rad. Det ble ikke så mye sovn, men hvem har tid til det?

Åpningsseremonien i hoppbakkene var en opplevelse av de sjeldne. Fakler var tent rundt hele plassen. Det var en magisk stemning. Det var mørkt, og bare scenen var opplyst av lyskastere. Snøen lavet ned, og la seg som et teppe på alle deltakerne. I hoppbakken var det markert et stort kors dannet av lyskastere. Konfirmantene ventet i spenning på hva som nå skulle skje. En vette med fakkel i hånda akte sikk-sakk nedover bakken i lyset fra en lyskaster - OL-ilden skulle tennes. Det var 20 år siden OL ble arrangert på Lillehammer, og dette skulle markeres. Konfirmantene ble underholdt med musikk og dans – for her skulle alle lære seg leirdansen.

På tur ned til Håkons hall fikk vi alle utdelt fakler. Fakkel-toget slynget seg nedover veien og lyste opp i kveldsmørket til skravling og latter blant konfirmantene.

Tilbake i Håkons Hall fikk vi en annerledes opplevelse enn hva vi er vant til på en vanlig messe. Det var de samme tingene som skjedde fra scenen, men på en annerledes måte. Hvem

skulle tro at man kunne lære seg Fader Vår ved å «rappe»... eller lære seg Velsignelsen ved å synge den....? Det er nettopp på denne måten man klarer å fange publikum.

Leirdansen var en stor suksess med «All around the world». Hele tribunen løftet seg av dansen, lyskastere blaflært over publikum der de sang med, med full innlevelse. En konfiant smiler, danser og rekker hendene mot taket, snur seg til ungdomslederen som står ved siden av og gir han en god klem, de danser videre og synger med. Ja, hva er det med disse ungdomslederne? Jo, de er der for konfirmantene, og gjør alt for at de skal trives. Jeg blir rørt av fellesskapet og omtanken de har for hverandre.

Hovedscenen var rigget til i den ene svingen av Håkons hall, og var bygd på intim måte slik at alle følte fellesskap med hverandre, til tross for at de var hele 1400 konfirmanter på tribunen.

Eivind prest fikk god kontakt med ungdommen. Hans budskap var hverdagslig og enkelt. Mange kunne kjenne seg igjen i det han fortalte. Budskap fra Bibelen ble sammenlignet med hverdaglige hendelser, der det handlet om å bry seg og vise godhet for hverandre. Alle lyttet, det var musestille i salen, man kunne føle stemningen i hele kroppen. Sang og musikk ble et høydepunkt, med eget rockeband på scenen. Beatboksing var også et av høydepunktene denne helgen.

Det var mange aktiviteter for konfirmantene. For eksempel var snowboard, slalåm, bob-kjøring, fotball, paint-ball, bading, klatring og kjelkekjøring populære aktiviteter.

Med tett program var det ikke mange som fikk mulighet for å kjede seg denne helgen. Vi har en utrolig flott gjeng med konfirmanter.

Tekst og bilde: Ragnhild Sundheim



Til fjells

Når bekken tek til å krunke og linerla trippar over tunet, er det vår og sommaren er like om hjørnet. I fleire år har Vestre Slidre Frivilligsentral hatt dagstur til fjells med lunch. Dei siste åra har dei vore på Storefjell. Ein hyggeleg dag der sosialt samvær har vore i fokus. Til saman er vi mindre einsame er eit aktuelt motto. I sommar sam - arbeider Frivilligsentralen med Kyrkjekontorets diakonmedarbeidar og Øvre Valdres Demesforening for å skipa til fleire turar til fjells. Turane blir også avertert i «Kva Skjer i bygde vår».

Vi vil nytte bilar/buss som også kan køyre rullestolar og som er enkle å kome inn i, om du treng å ha med deg rullator. Påmelding seinast dagen før. Dei som ikkje har mogelegheit til å møte opp i Plassen, henter vi heime. Vi vonar mange har lyst til å vera med oss og ynskjer vel møtt til stølsturar sommaren 2014!

Beste helsing

Anne Marie Tvenge aktivitetsleiar i Plassen,
Anne Finnbråten leiar i Øvre Valdres Demensforening og
Elbjørg Myrvang Wiknes, diakonmedarbeidar, Kyrkjekontoret.




TUR 1	Fredag 23. mai Avreise Plassen kl. 10.00	Dagstur med lunch. Retur til Plassen ca. kl. 15.30.	Påmelding Plassen tlf. 915 98 885 eller tlf. 61 34 51 71
-------	---	--	--

TUR 2	Syndag 20. juli Avreise Plassen kl. 12.00	Dagstur Vaset, Nøsen, Jaslangen, Trøllhøvd, Lehøvd, Preststolen, Soleikro, over Hurja til Midtre Syndin. Der kan vi kjøpe oss middag, slappe av, sjå på aktiv støling og avslutte dagen med gudsteneste kl. 18.00. Ankomst Plassen ca. 19.45	Påmelding Kyrkjekontoret: Tlf. 61 34 50 95 eller tlf. 61 34 50 98 eller tlf. 452 02 615
-------	--	--	---

TUR 3	Onsdag 13. august Avreise Plassen kl. 10.00	Vi bestiller fint ver og tek ein rundtur i kjende og kanskje ukjende stølsområder. Vi har med kjentmann. Rastar ein stad der vi får kjøpt oss litt å bite i. Returnerer til plassen ca. kl. 16.00	Påmelding Plassen tlf. 915 98 885 eller tlf. 61 34 51 71
-------	--	---	--

Saman er vi mindre einsame



Denne vinteren er det kome eit nytt tilbod til eldre som bur heime. Vestre Slidre Sanitetsforeining, Vestre Slidre Frivilligsentral - Plassen og Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd - diakonutval har gått saman om å tilby heimebesök for å førebygge einsemd og isolasjon. Tanken er at dette no skal prøvast ut for å hauste erfaringar og også for å sjå i kor stor grad Vestreslidringane ynskjer eit slikt tilbod.

Gerd Ødegård og Gerd Voje i Sanitetsforeninga har vore pådrivar for tiltaket og kan no melde om at tilboden er vorte godt motteke. I samarbeid med heimetenesta har besökstenesta vorte formidla mot aktuelle brukarar. Vi er godt nøgd med responsen. Utfordringa blir no å kunne ha mange nok besøksvenner slik at vi kan dekke opp behovet, seier Ødegård. I prøveordninga vil tilboden vera å få heimebesök ein til to gonger i månaden, for sosialt samvær. Ødegård påpeikar at besøksvennane arbeidar gratis, men det er lagt opp til at faktiske utgifter skal bli dekka. Det er sjølv sagt at besøksvennane har teieplikt. For brukargruppa er tilboden heilt gratis.

Marianne Hamre på Vestre Slidre Frivilligsentral, seier at det er godt å sjå at tilboden er vorte så godt motteke, og ho er viss om at dette vil bli eit vinn-vinn prosjekt for bygda. Dei fleste av oss likar at nokon stikk innom, men slik som tida er vorte, er det få av oss som no tek oss tid til det. Difor blir fleire og fleire også her blant oss sitjande altfor mykje åleine. Då kan det vera godt å sjå fram til at besøksvennen kjem innom.

Kyrkjekontoret sin diakonmedarbeidar har i fleire år koordinert besöksteneste på Sjukeheimen. Det har vore Helsesportlaget og sokneråda som har samarbeid om dette og hatt faste aktivitetar der. Fellesrådet er svært positiv til eit utvida tilbod. Å vera medmenneske kan dei fleste av oss vera, difor håper vi no at fleire kontaktar oss for å tilby av tida si til å kunne bli besøksvenn. Vi tenkjer kanskje ikkje så over det til dagleg kor mykje det har å seie. Det at nokon spør korleis vi har det og ikkje minst kan ha tid til å høyre på, og bry seg om det vi har lyst til å prate om. Dette er diakonarbeid; rett og slett å vera medmenneske.

Eg håpar at vi kan få mange som er interesserte, slik at vi ikkje treng å «overføru» nokon for å imøtekoma etterspørrselen. Eller i verste fall å ikkje kunne tilby besøksvenn til alle som ynskjer det. Å gjera det mogeleg å tilby faste heimebesök krev ein del ressursar, difor er vi avhengige av at både kvinner og menn melder seg for nokre timar i månaden.

Eldbjørg Myrvang Wiknes, diakonmedarbeidar

Påskehilsen fra Hamar biskop:

Kristus er oppstanden, og livet er levende

I det Jesus døde på korset revnet forhenget inn til det aller helligste i tempelet. Slik understreker evangelisten at i dette dramatiske øyeblikket ble tilgangen til det hellige åpnet for alle mennesker. Fra korset og den tomme graven strømmer livet ut, nåde over nåde, uendelig.

«Kristus er oppstanden, og livet er levende»

Det er patriarken Johannes Krysostomos som sier dette i en påskepreken på 300-tallet. Han ble kalt Krysostomos, som betyr gullmann, på grunn av sine gode talegaver. Livet er levende! Så meningsmettet kan oppstandelsen beskrives: Alt liv, og hele livet, omfattes av oppstandelsen. Det var ikke bare Jesu død som hadde kosmiske konsekvenser. Hans oppstandelse fra de døde forandret for alltid livets mulighet. De begrensninger som vi erfarer; livets forgiengelighet, krenkbarhet og skyld, skal for alltid ha en ende som står i håpets tegn. Når vi ser stengte dører og endeløst mørke, holdes vi oppe av den oppstandne Kristus, som gjør livet levende.

Professor i bibelvitenskap, Jacob Jervell, døde nylig. Også han var en «gullmann», en høyt skattet predikant. For en

tid tilbake ble han intervjuet på NRK. Der sier Jervell at arbeidet med å studere hvordan Bibelen ble til og hva som er viktig og mindre viktig av det som står der, har vært med å bevare hans tro. «Alle under Jesus gjorde handler om at han tar mennesker ut av håpløshet», sa Jervell. «Når tanken om det evige liv forsvinner, får mennesker et veldig presset liv». Og han sa også: «Gud er jo selve livet, og livet kan ikke dø».

Livet er levende. Livet kan ikke dø! Det er den gaven Kristus ga sitt liv for å gi til oss. Virkningen varer ved. Jesus er ikke fjern fra verdens og menneskenes lidelse og smerte. Nei, han var i alt dette og gikk inn i det ytterste rommet. Men på forunderlig vis var og er denne kjærligheten sterkere enn døden. Kristus er oppstanden og livet er levende!

God påske!

Med hilsen
Solveig Fiske
Hamar biskop

Trusopplæringsmedarbeidar Kjersti Kirkeby Ødegaard fikk i oppgåve å velje seg ein påskesalme.


Jeg velger meg: «Deg være ære»

Den lærte jeg på barneskolen og siden har den alltid vært med meg. En flott salme både når det gjelder tekst og melodi. Den er god å synge til med en «ordentlig melodi» – den gir meg alltid høytidsfølelse: Den har et sterkt og tydelig budskap som byr på trøst, håp og glede.

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
Åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!
Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Se, Herren lever! Salig morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger: Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!
Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Frykt ikke mer! Ewig er han med.
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei,
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg!
Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.



Renovering av Lomen kirke

Kirkeverge Elisabeth har bedt meg om å skrive litt om renoveringen av Lomen kirke.

Utfordringen ved Lomen kirke var å finne ut hvilken materialer som var brukt tidligere. Det ble tatt vegg prøver av NIKU tilknyttede Hilde Berntsen. Hilde Berntsen/ Mur Og Mer laget en tilstandsrapport med anbefalte tiltak.

På grunn av at det var vanskelig å fjerne krakker og ovner måtte vi bygge en midlertidig plattning over disse, det for å bruke rullestillas til de forskjellige operasjoner, spesielt i taket.

Settinger i grunn er antagelig årsaken til sprekker spesielt i østre gavl i skip. Fuger i murverket og løse partier med puss ble meislet vekk og pusset på ny med tradisjonell kalkpuss. Denne blir påført lagvis for å oppnå det beste resultat.

Himlingen hadde flere mindre riss. Dette trolig pga bevegelser i de forskjellige materialene i konstruksjonen som er av stål og tre. Pussen i taket er veldig sårbar da denne ligger på sivmatter av halm og netting. Dette blir kalt rappning på fagspråket. Her har vi skrapet ut rissene for å få god vedheft til ny kalkpuss.

Vi har pr i dag overflate behandlet himlingen og veger ned til brystning. Dette er gjort med lim farge. Limfarge er tradisjonell maling beskrevet brukt av NIKU (Norsk Institutt For Kulturminneforskning.) Til dette har vi hentet inn ekspert hjelp fra maler Knut Øystein Bakken. Som har lang erfaring med bruk av tradisjonelle malinger og overflate behandlings metoder.

Under brystning har vi fått en liten utfordring. Den tradisjonelle malingen som er beskrevet brukt, dekker ikke like godt på de forskjellige underlagene. Dette er noe vi arbeider med nå . Ola Magne Solberg som har utført mye av vedlikeholdet de siste 20-30 årene, har bistått med mye god informasjon om forskjellige malings typer, som er brukt på de forskjellige overflatene i kirken.

Vi regner med å komme langt med arbeidene i løpet av Mars.

Utførende håndverkere:

Murer:

Terje Utsigt.

Bjørn Erik Johnsen

Ola Røn

Maler:

Knut Øystein Bakken.

Mvh

Bjørn Erik Johnsen



Pilegrimsfellesskapet St. Thomas i Valdres er stiftet

Fredag 8. november stiftet vi Pilegrimsfellesskapet St. Thomas i Valdres. Arbeidet med Pilegrimsvegen i Valdres startet opp på initiativ fra sokneprest Tordis Ødegård i Vestre Slidre i 2004. En prøvevandring fra Hedalen stavkirke til St. Tomaskirken på Filefjell ble gjennomført i 2005, og deretter har det vært arrangert en årlig fellesvandring på Pilegrimsvegen i Valdres. Vedlikehold av Pilegrimsvegen og tilrettelegging av fellesvandringene har vært organisert gjennom en frivillig komité. Tiden var nå inne til å organisere virksomheten i en forening med valgt styre.



Interimsstyret består av: Jahn Børge Jahnsen (leder), Kari Børge Wangensten, Odd A. Kolbjørnshus, Berit Bang Thorsrud, Anne Hilde Øigarden, Hans Enger (vara) og Per Harald Grøv (vara).



Valget av St. Thomas som navn på pilegrimsfellesskapet var naturlig fordi Pilegrimsvegen i Valdres ender ved St. Tomaskirken på Filefjell. Den gamle stavkirken på Filefjell var vigslet til St. Thomas, og ved Pilegrimsvegens start i Hedalen er martyrscenen til erkebisop Thomas Becket av Canterbury gjengitt på relikvieskrinet.

Pilegrimsvegens fellesvandring 2014 blir den tiende i rekken. Tiårs-jubileet vil vi markere onsdag 2. juli, blant annet med biskop Solveig Fiske til stede. Påmelding til pilegrimsvandring (27. juni – 5. juli) kan gjøres til daglig leder Trond Øigarden.

Trond Øigarden

Til lykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Coop Slidre
Lena Maskin og
Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn


Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart enkelt sokn.

BARNAS SIDE



Fargelegg

Tegning: Åsbjørn Tonnesen




Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre.
Hva skjuler seg her?



nettSPRELL.no

- Musikkvideoer
- Tegnefilmer
- BARNAS-konkurranser

Søndagsskolens nettside for barn!

BARNAS

14 blader + DVD + CD = kun 359,-
(privatabonnement hjem i posten)

Gruppeabonnement
kun 179,- pr barn

Bestill på
barnas@sondagsskole.no
eller på telefon 22 08 71 00

TÅRNAGENTENE

tarnagentene.no
Tårnagentenes eget nettsted!

Utdeling av Mi kyrkjebok for 4-åringar



26. januar var alle 4-åringane i Vestre Slidre inviterte til familiemesse i Røn kyrkje. Dei fekk utdelt «Mi kyrkjebok for 4-åringar».

Desse fekk bok: Bak frå venstre: Sigurd Melbye Strand, Leander Kristiansen, Endre Thon.

Foran frå venstre: Johan Rolandsgarden, Hanne Kvamme Nygård, Mina Hansegarden, Nathalie Laèl Oppedal Døhl m.far, Malin Dalbø m.mor. Soknerådsmedlem Turid Kjersti Berge var med og delte ut bøker.

Utdeling av 6-årsbøker i Slidredomen 12.1.

Alle 6-åringane i Vestre Slidre kommune fekk invitasjon til Utdeling av 6-årsbøker i Slidredomen 12. januar. Mange blide ungar møtte fram og dei gjekk inn i kyrkja saman med Ola prest i flott prosesjon.

Bak frå venstre: Magnus Lauvhaug, Hilde Hippe Bergheim, Eskil Lisjordet, Håkon Hippe Bergheim, Håvard Kirkeengen, Mats Hålien, Tuva Solsten, Emil Hovi, Maja Bunde, Marius Kjøs, Victoria Skogen.

Foran: Lili Sofie Nefstad, Oliver Øen Tvenge, Ådne Sørengen.

Sokneprest Ola Døhl sit bakerst, og trusopplæringsmedarbeidar og klokkar Kjersti Kirkeby Ødegaard står på høgre side.



Kyrkjelege handlingar

08.11.13–16.03.14

Døypte	Slidre sokn	12.01.14	Martin Tvenge Ranheim
		12.01.14	Alma Ringsaker Vika
		16.02.14	Tobias Sørensen Nyhagen
		16.03.14	Kim Tvenge
	Røn sokn	17.11.13	Martin Marshtaler Fystro
	Øyjar kapell	23.02.14	Embrik Vistemyren
Vigde	Røn sokn		
	Øyjar kapell	23.02.14	Trine Stensrud Lome og Tom Andre Rundbråten Vistemyren
Jordfesta	Lomen sokn	04.02.14	Ola Horge f.1930
	Slidre sokn	21.01.14	Else Før f.1924
		04.03.14	Olav Rudihaugen f.1931
		14.03.14	Borghild Stølen f.1929
	Røn sokn	29.11.13	Peder Adolf Limseth f.1929
		27.12.13	Håkon Lagrud f.1934
		31.01.14	Petra Sigvarda Tveit f.1926
		11.02.14	Kari Tuvmarken f.1928
		11.03.14	Tomas Fystro f.1947

Retting. Kyrkjelege handlingar Julenummeret 2013

I kyrkjebladet sitt julenummer 2013 er dessverre eit namn skrive feil:

Rett er: Margit Færden Gardshaug, f.1941 , jordfesta 14.08.2013

Vi seier oss leie for feilen.

Elisabeth Myhre
kyrkjeverje

Gåver til kyrkjebladet frå nov. 2013 til mars 2014

Oddbjørn Nygård, Inger Tvenge, Kjellaug Trøen, Oddvar Ola Thon, Sigrid og Jon Bråten, Anne Ødegård, Oddvar Øde, Bjørn M. Hamre, Liv og Jørgen Kolstad, Lisbeth Vik, Anne Bjørg og Nils Dokken, Anne Marie og Leif Tvenge, Marit og Olle Rosendal, Astrid Olaug Kvissel. **Vi takkar for gåvene.**

MINNEGÅVER:

Lomen sokneråd takkar hjarteleg for

- Minnegåva som vart gjeve til Lomen stavkyrkje ved Ivar Gullhaug si gravferd.
- Minnegåva som vart gjeve til Lomen kyrkje ved Ragnhild Ellestad Gjengedal si gravferd

Gudstenester

13-04-14	Sund.	Palmesund.	11.00	Slidre/Lomen ansvar	Høgmesse	Ola Døhl
17-04-14	Torsd.	Skjærtorsd.	12.00	Vaset, sekskanten	Påskemesse	Ola Døhl Salmebøker/soknerådsarbeid
18-04-14	Fred.	Langfred.	19.30	Slidredomen	Langfredagsgudst.	Ola Døhl
20-04-14	Sund.	Påskedag	11.00	Slidredomen	Høgtidsmesse	Ola Døhl Soknerådsarbeid
21-04-14	Månd.	2. påsked.	11.00	V. S. sjukeheim	Påskemesse	Ola Døhl
01-05-14	Torsd.	1. mai	11.00	Røn kyrkje	Høgmesse	Ola Døhl Frelsesarmeens
02-05-14	Fred.		19.30	Slidredomen	Ungmesse/Impact	Ola Døhl Konfirmantarbeid
17-05-14	Laurd.	17. mai	10.00	Slidredomen	Familiegudst.	Ola Døhl Salmebøker/Soknerådsarbeid
17-05-14	Laurd.	17. mai	11.30	Røn kyrkje	Familiegudst.	Ola Døhl Musikk. og skulemusikken. i V.S.
25-05-14	Sund.	6. sip	11.00	Røn kyrkje	Konfirmasjonsgudst.	Ola Døhl Konfirmantarbeid
29-05-14	Torsd.	Helgetorsd.	11.00	Lomen kyrkje	Høgmesse	Ola Døhl Prosesjonskors
01-06-14	Sund.	Sund. før pinse	11.00	Slidredomen	Konfirmasjonsgudst.	Ola Døhl Konfirmantarbeid
08-06-14	Sund.	Pinsedag	11.00	Lomen kyrkje	Konfirmasjonsgudst.	Ola Døhl Salmebøker/soknerådsarbeid
09-06-14	Mand.	2. pinsedag	11.00	V.S.sjukeheim	Pinsemesse	Ola Døhl
22-06-14	Sund.	2. sit	11.00	Røn kyrkje	Blomstermesse	Ola Døhl Trusopplæring
29-06-14	Sund.	3. sit	11.00	Slidredomen	Tweencamp-messe	Ola Døhl Trusopplæring
02-07-14	Onsd.		19.00	Slidredomen	Pilgrimsmesse	
06-07-14	Sund.	4.sit	11.00	Mo kyrkjeruin	Friluftsmesse	Ola Døhl
20-07-14	Sund.	6.sit	18.00	Syndinstoga	"Stølsmesse"	
27-07-14	Sund.	7.sit	11.00	Slidre sokn.	Friluftsmesse	
29-07-14	Tysd.	Olsok. Sjå avis Valdres	Lomen kyrkje	Jubileumsmesse	Ola Døhl	100 års markering
03-08-14	Sund.	8.sit	11.00	Vaset	Stølsmesse	Ola Døhl Stølsfestival
17-08-14	Sund.	10.sit.	11.00	Lomen stavkyrkje	Høgmesse	
24-08-14	Sund.	11.sit.	11.00	Røn kyrkje	Høgmesse	
31-08-14	Sund.	12.sit.	11.00	Slidredomen	Høgmesse	Gullkonfirmantar


Ein tek atterhald om endringar. Sjå avis Valdres eller kommunen si heimeside.

*Redaksjonen i Kyrkjebladet ynskjer
alle ei riktig god påske*


Helsing

Toril Irene Stensrud Trøen, Turid Kjersti Berge,
Ingebjørg Høyne og Elisabeth Myhre

Alle tilsette i kyrkja i Vestre Slidre ynskjer øg
GOD PÅSKE til alle lesarar.



Søllengt



Februarsol me ventar
sukkar med bleike kinn
vender vårt syn og lengtar
sårt etter styrken din.

Jag så burt skodde-dimme
fyll våre dalar med sol
tin, så det raslar i rimet
her i vårt kalde nord.

Snart brunar vårsol på kinnet
set her sitt merke – si prakt
varmar opp hugen og sinnet
heilt i si velde og makt.

Velkomen er du – du kjære
alt ifrå fyrste glytt
lat oss få halda oss nære
Takk for du varmar på nytt.

TORSTEIN BØE

**Helårs-camping
20 nye ledige plasser**



VASETSENTERET

KJØPESENTER, CAMPING & FJELLSERVICE

HUSK! VI HAR SØNDAGSÅPENT KL 11-17.

Tid for å fylle vedlageret. Vi selger fin bjørkeved i sekker.



► FISKEKORT ► VAREBESTILLING ► PROPAN ► CAMPING ► VAREUTKJØRING ► NØKKELOPPBEPARING ► DAGLIGVARE ► VEDSALG ► PARAFIN

► VASET, 2960 RØN ► TLF 61 36 30 55 ► MOBIL 906 66 061